

Fra: Hopperstad, Thore (Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no)

Sendt: 16.05.2018 15:30:02

Til: Rolf Rosenlund

Kopi: Øyre Lars; Nielsen Carl-Erik; Thorbjørnsen, Hans Petter; Golis, Natalia

Emne: Re: Bruravik brygge i Ulvik herad

Vedlegg:

Hei igjen!

Viser til telefonsamtale i dag med Natalia Golis hjå oss.

For å komme videre, mellom anna når det gjeld ulik oppfatning om vilkår for overdragelse, ber eg om at vi tek eit møte om saka, med formål å avklare framdrift og vilkår. Vi kjem gjerne til Bergen for eit slikt møte. Vi ber om at også Fylkesrådmannen vert invitert til dette møtet.

Det er fint om vi kan få nokre forslag til møtedatoar i juni.

Mvh

Thore Hopperstad

Rådmann Ulvik

Sendt fra min iPhone

3. apr. 2018 kl. 15:47 skrev Rolf Rosenlund <Rolf.Rosenlund@hfk.no>:

Hei

Me har bedt SVV gjennomføra turvande tiltak på veg/avkøyring til kaien for å klargjera for sal til kommunen. Arbeidet vert no lyst ut, og me vonar at det kan bli ferdigstilt innan rimeleg tid. Me kjem attende til prosessen rundt sjølve overdraginga.

Vh

Rolf Rosenlund

Fra: Hopperstad, Thore <Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>

Sendt: 26. mars 2018 13:13

Til: Rolf Rosenlund <Rolf.Rosenlund@hfk.no>

Kopi: Thorbjørnsen, Hans Petter <Hans.Petter.Thorbjornsen@ulvik.kommune.no>

Emne: Fwd: SV: SV: Bruravik brygge i Ulvik herad

Hei!

Eg viser til epost frå Lars Øyre i Statens Vegvesen (sjå nedanfor) og føl opp denne med å vidaresende til deg. Håpar du kan sei noko om vidare framdrift i saka.

Mvh

Thore Hopperstad

Rådmann, Ulvik

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Øyre Lars <lars.oyre@vegvesen.no>

Dato: 26. mars 2018 kl. 13:02:43 CEST

Til: "Hopperstad, Thore" <Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>

Kopi: Thorbjørnsen, Hans Petter <Hans.Petter.Thorbjornsen@ulvik.kommune.no>

Emne: SV: SV: Bruravik brygge i Ulvik herad

Hei igjen
Ja, det er framdrift i saka.

Vi har oversendt fylkeskommunen rapport og prosjektert ny innkjøring (dvs endra innkjøring). Forslag om å utbetre den nå er motteke, og vi ventar på beslutning om det.

For vidare framdrift kring muleg avhending er det naturleg at de tek kontakt med fylkeskommunen ved Rolf Rosenlund som er sakshandsamar på saka pr dato. Han kan nok informere om den vidare framdrifta for deira vedkomande.

Ha ei fin påskehelg !

Mvh
Lars øyre

Fra: Hopperstad, Thore [<mailto:Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>]
Sendt: 6. mars 2018 11:40
Til: Øyre Lars <lars.oyre@vegvesen.no>
Kopi: Thorbjørnsen, Hans Petter <Hans.Petter.Thorbjornsen@ulvik.kommune.no>
Emne: SV: SV: Bruravik brygge i Ulvik herad

Hei igjen!
Er det noko framdrift i denne saka?

Mvh
Thore Hopperstad
Rådmann, Ulvik herad
Tlf 4000 7158

Fra: Øyre Lars [<mailto:lars.oyre@vegvesen.no>]
Sendt: onsdag 29. november 2017 21.16
Til: Hopperstad, Thore <Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>
Emne: SV: SV: Bruravik brygge i Ulvik herad

Hei igjen
Vi har ikkje fått tid for ferdigstilling frå konsulent, og kan pr dato ikkje svare ut det.
Kan oppdatere når det ligg føre

Mvh
Lars øyre

Fra: Hopperstad, Thore [<mailto:Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>]
Sendt: 29. november 2017 21:01
Til: Øyre Lars <lars.oyre@vegvesen.no>
Kopi: Thorbjørnsen, Hans Petter <Hans.Petter.Thorbjornsen@ulvik.kommune.no>
Emne: Re: SV: Bruravik brygge i Ulvik herad

Hei!
Takk for info. Kva tidsplan har de for prosjektering av aktuelle tiltak?

Mvh
Thore Hopperstad

Sendt fra min iPhone

29. nov. 2017 kl. 20:18 skrev Øyre Lars <lars.oyre@vegvesen.no>:

Hei
Har tatt det opp med HFK, og dei ber oss følge opp i tråd med bestillinga.
Dvs at de må vente til etter at aktuelle tiltak er prosjektert og
kostnadsrekna. Da vurderar HFK vidare framdrift.

Mvh
Lars øyre

Fra: Øyre Lars
Sendt: 21. november 2017 18:01
Til: Hopperstad, Thore <Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>
Kopi: Thorbjørnsen, Hans Petter
<Hans.Petter.Thorbjornsen@ulvik.kommune.no>
Emne: SV: Bruravik brygge i Ulvik herad

Hei igjen
Vi har nå etter mykje utfordringar med venting, fått taksten på området
slik vi har avtala. Prosjektering av inn/utkjøring utfører vi, og det er tenkt
gjennomført i etterkant. Kjenner ikkje til den avtalen de måtte ha med
fylkeskommunen, og det må de ta opp med dei.

Kaien har og den siste tida vore nytta som lager av SVV i samband med
lagerbehov.

Skal avklare med HFK om de eventuelt kan utføre dei omtala tiltaka, om
de overtek kaiområdet.

Høyrer frå meg i etterkant av det.

Mvh
Lars øyre

Fra: Hopperstad, Thore [<mailto:Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>]
Sendt: 21. november 2017 15:51
Til: Øyre Lars <lars.oyre@vegvesen.no>
Kopi: Thorbjørnsen, Hans Petter
<Hans.Petter.Thorbjornsen@ulvik.kommune.no>
Emne: Bruravik brygge i Ulvik herad

Hei!
Eg viser til tidlegare dialog og synfaring mellom Statens Vegvesen og Ulvik
herad vedk Bruravik brygge (gamle fergekaien), der mellom anna Rolf
Rosenlund frå Hordaland fylkeskommune var med. Det vart avtala at Ulvik
herad skulle overta Bruravik brygge vederlagsfritt, men at
Fylkeskommunen/Statens vegvesen først skulle gjere nokre utbetringar på
brygge/veg.

Vi har fått opplyst at det er du som har hand om denne saka og som også
skal sørge for overdraginga av eigedomen over til Ulvik herad.

Eg ber om ei oppdatering på kor saka står og når ei overdraging av
eigedomen kan skje. Kan det evt vere aktuelt å overdra eigedomen med
ein klausul om det arbeidet som skal utførast, alternativt at det vert skreve
ein intensjonsavtale om slik overdraging?

Med helsing
Thore Hopperstad

Rådman

Ulvik herad

Mobil: 40007158

<image001.jpg><image002.jpg><image003.jpg>